



Dag Hermansen, busett i Bergen men feriegjest i alle år i Uskedalen, har forfatta ein ny song til bygda. Han lanserte den i samband med syskenebådntreffet på Neset laurdag kveld og den kjem her. Tona er frå Skottland og heiter The Skye boat song. Ein finn den på You Tube.

*Snøkledde fjell kringom Nåso so rank
angen av morgon sval.
Skorpo gjev ly og Storsund ligg blank
speglar av Uskedal*

*Sumar og sol, bakkar med blom,
dalen er lik ein park,
bjeller og raut, elva si ljom
kling over frodig mark*

Snøkledde osb.

*Vertshus og pub, krambu og SPAR
undrast kva alt dei har,
idrott og lag, tilbod til kvar
kvinnfolk og born og kar*

Snøkledde osb.

*Rabbar og li, hytter og sel,
hugen til fjell å sjå,
viker og sund, heile for sjel.
trua på fisk å få*

snøkledde osb.

